# HÅRFAGRE

## – EN SKRØNIKE



# VAR HARALD HÅRFAGER?

AV BIRGER LINDANGER

**PROSA SOM DIKT OG DIKT SOM SANNING**

Hafrsfjordslaget er den fyrste dokumenterte hendinga i norsk historie. I skaldekvada fortel augnevitne detaljert om knarrar som kom austafrå, lystne på strid. I bunden form vart kvada leverte frå munn til munn gjennom ti mannsaldrar ført dei vart skrivne ned. Like lenge levde prosaforteljingane om slaget og mannen, men endra seg noko for kvar generasjon. Når det gjeld skaldekvada, vart dei skrivne ned fyrst på 1200-talet, men originalane vart øydelagde i Københavns storbrann i 1728. Likevel overlevde avskrifter av desse originalane med dei feil som då kunne oppstå.

Prosateksten Snorre har gitt oss i «Soga om Harald Hårfagre» bygger dels på skaldekvada, men mest på dei munnlege overleveringane. Problemet er at dominante og fasinerande historiske skikkelsar som Harald Hårfagre virka som magnetar på alle slag segner, myter og reine eventyr. Andre døme er Olav den heilage og Olav Tryggvason. Då sagaen om Harald vart skriven fyrst på 1200-talet – rundt 350 år etter slaget – vart det også bakt inn aktuell samtidspolitikk, mellom anna for å gje dei norske kongane legitimitet til Vika som danskane gjorde krav på.

**TROLL OG JENTER**

Ikkje minst var slike segner knytt til dameeventyr som til dømes med Gyda og samejenta Snøfrid som hugtok han slik at han ikkje makta å tenka på anna. Også lokalt er det segner om Harald som jentefut. Då han budde på Utstein, la han seg etter ei jente på Haugvaldstad på Mosterøy. Men han lika ikkje å ro, og difor bygde han ei steinbru over sundet til Mosterøy. Brua sto til 1898 og vart kalla «Hjallarbrua».

Ei anna segn fortel at Halvdan Svarte fanga jøtulkongen Dovre og ville drepa han. Harald tykte synd på gubben og hjelpte han å stikk av. Ein rasande Halvdan jaga då sonen på dør, men som takk for hjelpa tok Dovre i staden gutungen til oppfostring. Sidan fekk Harald også tilnamnet «Dovrefostre». Ei sak for seg er at far til Harald nok er ein annan Halvdan enn han som tok snarvegen gjennom isen. Hendingane på Austlandet var òg for det meste segner: Hakadalen vann han etter at kong Hake fall og Gudbrandsdalen etter å ha teke knekken på kong Gudbrand.

På eit vis kan me seia at norrøn dikting vert historie medan sagaane om vikingtida vert dikt. Det er difor ikkje mogeleg å ta det desse prosatekstane fortel om Harald for god fisk. Skildringane som omfattar at han la Austlandet og Trøndelag under seg, vert difor nokså usikre.

I det heile er det grunn til å stilla spørsmål ved store delar av barnelærdommen vår: At han var frå Vestfold, at han hadde samla det meste av landet før slaget og tok resten etter slaget i Hafrsfjord. Hadde han eigentleg tilnamnet «Hårfagre», var han verkeleg av ynglingeætt og styrte han faktisk over heile Noreg i 70 år slik Snorre hevdar?

Skal me halda oss til kvadet, var Harald framleis berre ein gutunge då han heldt slag i Hafrsfjord. Då verkar det lite truleg at han kan ha hatt tid til å rota med damer eller å samla heile landet før slaget. Og røtene hadde han på Vestlandet. Dei fem kongsgardane hans låg frå Utstein i sør til Seim i nord hans og sjølv vart han gravlagd ved Karmsundet.

Kva veit me så?



Publikumstjenesten
Hårfagre : en skrønike
22g099486







## HARALD DEN HELDIGE

Ein gong kring 860 e. Kr. låg Ragnhild, kona til vikinghøvdingen Halvdan, i fødselsrier. Barnet viste seg å vera ein gut som fekk namnet Harald. Kva meir var – han kom til verda med fosterhinna på hovudet. Det var ei ekte sigersluve, slo hjelpekonene fast. Difor var Harald eit lukkebarn og fekk tilnamnet «Luva», den sigerssæle. Fosterhinna vart tørka og ordna slik at han alltid bar henne på seg, han var den uovervinnelege. Kanskje vaks Harald opp på Utstein, det er i alle fall den einaste sikre staden kvadet fortel at han faktisk budde.

I ung alder mista Harald far sin. Døydde Halvdan i 870 e.Kr. kan sonen ikkje ha vore stort meir enn ti år. Halvdan må ha vore ein velståande vikinghovding, regjerte truleg over eit område som strekte seg frå Boknafjorden til Stad. Dessutan etterlet han til Harald mykje gods røva i viking. Difor kunne også Harald betala krigarane sine rundeleg: «Gods får de og vakre sverd, hunisk malm og austrøne kvinner.»

Difor vart gutungen kalla «drottin Nordmanna», kongen over nordmennene: Det vil her seia dei som budde nord for Tungenes. Kongsgardane hans var Utstein, Avaldsnes, Fitjar, Alrek og Seim i Nord-Rogaland og Hordaland.

## KOSS HÅR VART HELL

Ved desse tider fekk Harald eit anna tilnamn: Harald «enum afaraudga» som tyder Heldige-Harald. Då er det me undrar oss, hadde han ikkje tilnamnet «enum hárfagra», den hårfagre? På den eine sida kan nok dette henga saman med ei misforståing at «luva» hadde noko med håret å gjera.

Mest truleg var dette ei misslesing. Skrifta til dei opphavlege skalde-kvada var ikkje enkle å lesa. Med «luva» i bakhodet, kunne afaraudga fort verta til hárfagra. Men hárfagra bryt i motsetnad til afaraudga med metrikken i kvadet og kan ikkje vera rett. Avskrivarane kan òg ha blanda saman to Haraldar. I fylgje samtidige franske og engelske skrifter, var det Harald Hardråde som hadde tilnamnet «Hårfagre».

Å lesa norrøne handskrifter, var i det heile krevjande.

I Haraldskvædi las nokre avskrivarar om Harald som «dann er á Kvinnum byr» og tolka det som «han som bur på Kvinnar.» Andre har skrive «kymnum», medan det gjerne kan ha stått «kynjum». Det siste betyr «han som alltid seglar i medvind». Alle dei tre tilnamna tyder altså «han som alltid sigrar, han som er uovervinneleg».

## SLAGET I HAFRSFJORD – KVEN OG KORFOR?

Som tiåring tok Harald altså over hirda til faren. Det er vanskeleg å sjå for seg vesle Harald som ein stor hærførar og strateg. Etter at faren var borte, må hirda til gutungen ha meint at tida var inne til å tukta trøblete jærbuar og egder i riket sør for Boknafjorden. Segnene si skildring om at ti - tolv-åringen gjorde dette for å imponera damene, kan me tvila på.

Etter Snorre si framstilling var det hordar, ryger, egder og teler under leiing av sju namngjevne høvdingar som gjekk til åtak på Harald Luva og som etter kva skaldekvada seier, kom austanfrå. Leiarane deira vert berre nemnde litt forakteleg med tilnamn, Haklang og Kjøtve, som tyder Hakan og Tjukken. Dette står i motsetnad til Harald som vart omtala med fullt namn og på rosande vis: Den unge og edle Harald Halvdansson, drotten til nordmennene, han som alltid segla i medvind og som heller ville ut i kamp enn å kosa seg inne ved elden nå juletider.

For skalden ved hoffet til Harald på Utstein var austmenn dei som kom lenger austfrå enn Hafrsfjord, venteleg egder og teler og med eit maktsenter på Lista. Så segla Harald sørover for å kjempa mot dei to kongane i Hafrsfjord.

Kjøtve var den øvste leiaren for austmennene som dels var samansett av bondesoldatar og dels av meir profesjonelle stridsmenn, berserkar og ulvhednar. Den hardaste striden sto mot Haklang og mennene hans. Fyrst då Haklang fall, laut Kjøtve ryma: Heim frå Hafrsfjord over Jæren huga på mjøddrikk - det var jo jul.

## KVA HARALD VANN

Med denne sigeren vann Harald kontroll over maktsentra på Nord-Jæren, Ryfylkeøyane og hadde frå før Avaldsnes og Karmsundområdet - dei utan samanlikning beste jordbruksområda på Vestlandet og truleg i heile landet. Attåt fekk han styring over maktsenteret på Lista.

Her var overskot til å fø ein krigarhær og det var eit området som låg strategisk til både i forhold til resten av kysten og til Nordsjø-bassenget når han skulle i viking. På Sørvestlandet fann også Harald dei største militære ressursane og folk som var vel røynde med både skip og våpen.

Etter slaget rådde Harald truleg over området frå Stad til Tromøya ved det nåverande Arendal, om lag som Erling Skjalgsson kring 150 år seinare. Men statstyringa var ikkje nok utvikla til å få inn skattar og det som elles trongst til at Harald kunne halda seg på ein av kongsgardane . I staden måtte han og krigarfylgjet hans så og seia eta seg fram i riket. Det vil seia at dei drog kring i riket frå storgardar til storgard for å søkja livsopphald.

## ARVA ETTER HARALD

Utilstrekkeleg organisasjon, kommunikasjon og makt gjorde at det var vanskeleg å styra over eit større område. I hovudsak kan me seia at Noreg i tida etter var delt i tre: Oslofjordområdet styrt av danskane, Trøndelag og Nord-Noreg styrt av ladejarlane og altså dette vestlandsriket. Slaget i Hafrsfjord var likevel eit startskot for ein rikssamlingsprosess det tok kring 350 år å fullføra.

Etter slaget i Hafrsfjord styrde Harald dette vestlandsriket til han døydde kring 832 e.Kr. og vart altså gravlagd ein stad ved Karmsundet. At han slik greidde å sitja med makta i eit halvt hundre år, fortel om ein fyrste av uvanlege dimensjonar. Han representerte starten på ei statsmakt som med tida tok over stadig meir av styringa i landet. Å vera etterkomar etter Harald var også eit krav til dei som sidan søkte den norske trona.

HÅRFAGRE



GLENN ANDRÉ KAADA

GYDA



MAREIKE WANG

HÅREK



JONAS FUGLEVIK URSTAD

RØREK



MATIAS KUOPPALA

KONG SULKE



EVEN STORMOEN

NIKITA



RAGNHILD JØRGENSEN TYSSE

BRITT-TONE



HELGA GUREN

SOLVE



MARI STRAND FERSTAD

HÆRMANN



PENDA FAAL

**DRONNING RAGNHILD**



KIM FAIRCHILD

**ONKEL GUTTORM**



SVEIN SOLENES

**THERESE**



NINA ELLEN ØDEGÅRD

**BOB**



BHKIE MALE

**DOVREKONGEN**



RAGNHILD ARNESTAD MØNNESS

**SIDDIS**



ADAM THORNES EKELI

**MUSIKER**



ALEXANDER FLOTVE

**MUSIKER**



KURT LISØ

**SIDDIS**



LIZETTE AUKLAND

SIDDIS



MAREN BURGAARD-LARSEN

TROLL



BORG NES-RIISE

TROLL



MATEO BAARDSEN

MUSIKER



FRANK ROGER HAUKÅS EIKELAND

TROLL



MIA BAKKEHAUG JOHNSEN

SIDDIS



IVER SOMMERSET NORMANN

MUSIKER



BENEDICTE AASTVEIT ÅRSLAND

TROLL



IBEN HOLME SANNUNG

SIDDIS



SELMA HUNSAGER DAGSLAND

VIKING



FILIP JOLMA HELLAND KILTER

VIKING



MARTON STAV EGGE

MUSIKER



MIKAELL OLSSON

TROLL



NIKOLAI HULT SIMENSTAD

TROLL



GEORGIOS PISSIS

TROLL



SOFIE HULT SIMENSTAD

SIDDIS



SONDRE VERVIK TOU

TROLL



GABRIEL VASSHUS LIDAL

MUSIKER



TOR YTTREDAL



# HÅRFAGRE

## AV MATILDE HOLDHUS OG MATHIAS LUPPICHINI

### KUNSTNERISK TEAM:

**JOSTEIN KIRKEBY-GARSTAD**
Regissør

**DAGNY DRAGE KLEIVA**
Scenograf og kostymedesigner

**MATHIAS LUPPICHINI**
Komponist og sangtekster

**TROND LINDHEIM**
Arrangør

**TRYGVE ANDERSEN**
Lysdesigner

**MATILDE HOLDHUS**
Dramatiker, dramaturg og sangtekster

**JANE VICTORIA HARLEY**
Koreograf

**NILS ERIK STEINSBØ**
Stemmepedagog

**MIO SKJÖLDUR EYFJÖRD**
Maskør

**ÅSMUND SKRETTING AUSTVOLL**
Inspisient

**LENA SLETTEMO CARLSSON**
Inspisient

### MUSIKERE:

**TOVE KRAGSET**
Kapellmester

**KURT LISØ**
Musiker

**TOR YTTREDAL**
Musiker

**BENEDICTE AASTVEIT ÅRSLAND**
Musiker

**MIKAELL OLSSON**
Musiker

**FRANK ROGER HAUKÅS EIKELAND**
Musiker

**ALEXANDER FLOTVE**
Musiker

### MEDVIRKENDE:

**GLENN ANDRÈ KAADA**
Harald Hårfagre

**MAREIKE WANG**
Gyda

**KIM FAIRCHILD**
Dronning Ragnhild

**SVEIN SOLENES**
Onkel Guttorm, Halvdan Svarte

**EVEN STORMOEN**
Kong Sulke, Sørlending

**NINA ELLEN ØDEGÅRD**
Therese, Sørlending

**RAGNHILD ARNESTAD MØNNESS**
Dovrekongen, Meteorolog, Sørlending

**MATIAS KUOPPALA**
Rørek, Frisør, Viking

**JONAS FUGLEVIK URSTAD**
Hårek, Frisør, Viking



**RAGNHILD JØRGENSEN TYSSE**
Hans Tor Igor Foredragnes, Sørlending, Meteorolog, Nikita

**BHKIE MALE**
Bob, Troll, Sørlending

**MARI STRAND FERSTAD**
Solve Klove, Hærmann 2, Frisør, Troll

**HELGA GUREN**
Solves assistent, Hærmann 3, Britt-Tone, Troll

**PENDA FAAL**
Hærmann 1, Meteorolog, Frisør, Sørlending, Troll

## MEDVIRKENDE BUT:

**LIZETTE AUKLAND**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**MATEO BAARDSEN**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**MAREN BURGAARD-LARSEN**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**SELMA HUNSAGER DAGSLAND**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**MARTON STAV EGGE**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**ADAM THORNES EKELI**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**MIA BAKKEHAUG JOHNSEN**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**NIKOLAI HULT SIMENSTAD**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**FILIP JOLMA HELLAND KILTER**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**GABRIEL VASSHUS LIDAL**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**BORG NES-RIISE**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**IVER SOMMERSET NORMANN**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**GEORGIOS PISSIS**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**IBEN HOLME SANNUNG**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**SONDRE VERVIK TOU**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

**SOFIE HULT SIMENSTAD**
Siddis, Troll, Sørlending, Viking

Alle kostymer og scenografi er produsert ved Rogaland Teaters verksteder.

Basert på en historie av Bones, Havdal, Holdhus og Løseth.

Foto: Grethe Nygaard.
Gafisk design: Play Design.

Urpremiere 7. september i Stavanger konserthus


STAVANGER
KONSERTHUS
10 år 2012
2022
75år 65år
ROGALAND
TEATER